

UTHUS PÅ LÅG-JÆREN

160 års utvikling frå 1800 til 1960

BJARNE TRON EGELAND

Forfattaren har dei siste tjue åra vore delaktig i å utforma nye uthus i Rogaland, gjennom sitt arbeid som fylkesagronom i bygningsteknikk. Han førebudde seg på den oppgåva m.a. ved å velgja utviklinga i uthusbygging på Jæren som tema for si hovudoppgåve i studietida i 1960-åra. Her ligg det eit interessant dokumentasjonsmateriale som blir presentert i denne artikkelen.

Synsvinkelen hans er først og fremst å sjå uthusa som funksjonelle bygningar: Dei skal gje ly og vern for buskap og avling og samstundes gje praktiske arbeidstilhøve for bonden. Gjennom sin lange yrkespraksis har han skaffa seg innsikt både i det eldre og det moderne, noko som gjer hans artikkel ekstra spennande å lese.

Kulturvernet har hatt tronge år i Norge frå krigen var slutt i 1945 og omrent fram til nå. Ikke minst har dette vore tilfellet på Jæren. Etter dei vanskelege 30-åra og 5 års åk under tyskarane var vi med eitt frie, og framtidsutsiktene var lyse. Dette gav pågangsmot, men medverka nok òg til å gje oss meir materialistiske haldningar enn vi hadde før. Kravet til levestandard vart større. Alt skulle vera rasjonelt og effektivt. I Jærland-bruket fekk vi ein byggjeaktivitet utan sidestykke, og denne berre auka på heilt fram til 1980-åra. Tidsånda var slik at det gamle skulle bort og nytt koma i staden. Ja, det vart nærast eit statussymbol å få vekk alle dei "gamle rønnene" frå tunet. Dei fleste uthusa frå førre hundreår, som stod att, og svært mange også frå tida etter hundreårsskiftet, har vorte fjerna i etterkrigstida. Vi kjenner oss ikkje att i Arne Garborg si skildring av

busetnaden på Jæren i innleiinga til boka FRED for vel 100 år sidan: "Her og der uppetter Bakkar og Res kryp laage Hus i hop i Smaakrullar som sokjande Livd. I den tette Lufti hildrar dei seg halvt burt, sveiper seg i Torvrøyk og Havdis som i ein Draum; stengde og stille ligg dei burretter Viddine som Tusseheimer."

Vi må innsjå at jærbuen i dag ikkje kan byggja slike hus, korkje innehus eller uthus, som dei gjorde for over hundre år sidan. Krava er heilt andre i dag. Kvar tid har sin byggjeskikk, og slik må det vera. Vi bør minnast, men ikkje feista kopiera fortida. Kan vi ikkje like vel ta lærdom av noko frå forfedrane våre? Er det ikkje mogleg å byggja hus i dag som går saman med Jær-naturen til ein harmonisk heilskap – utan at vi må fira på krava til funksjon og rasjonalitet? Kanskje vil vi ved å gå tidlegare byggjeskikkar nøyare etter i saumane finna at dei gamle



Jær-landskapet i dag er ikkje prega av lyngmarker og mosegrødde steingarder, eller låge hus som "kryp i hop i småkrullar som sokjande livd". Det moderne Jær-landskapet er grønt og frodig. Det fortel om dugande bønder som for alltid har fått bort fattigmannstempla frå jærbuen. Også dette landskapet er vakkert. Vi vil gjerne at neste ættled skal overta det endå vakrare.

ikkje var så dumme, jamvel om dei ikkje var så spekka med teoretisk lærdom som náttids-mennesket.

Vi skal freista fylgia utviklinga i byggjeskikkane for uthus på Låg-Jæren frå kring 1800 og fram til 1960. Først og fremst vil det handla om sjølve hovud-uthusa, – husa for storfe og avling. Andre hus, som smihus, kvernhus, hønshus o.s.v. vil det verta nemnt relativt lite om. Artikkelen byggjer på ei hovudoppgåve ved Norges Landbrukskole. Alle fotografer er tekne av forfattaren i samband med dette arbeidet i 1964, bortsett frå første biletet, som er teke av den same i 1997.

Eit landskap i utvikling

Jæren er eit gammalt kulturlandskap. Her har vore busetnad heilt frå steinalderen. Målt med vår målestokk gjekk utviklinga svært sent heilt fram til kring 1800. Ja, til sine tider var det nok helst stillstand eller til og med tilbakegang. Tida omkring år 1800 markerer slutten på ein lang slik stillstands- eller nedgangsperiode for både jordbruket og andre næringar på Jæren. Frå nå av byrjar ein tidfolk med snøggare utvikling. Karakteristisk for denne tida er det at det vart sett ned mange husmenn, og desse vart ei god arbeidshjelp for bøndene. Det vart meir fart i nydyrkinga, og dei første 35 åra av 1800-talet auka det dyrka arealet frå 2 til 4 prosent av totalarealet på Jæren. Men jorda vart vend med spade også eit stykke ut i det 19. hundreåret. Jærbuen var konservativ og let seg ikkje lett påverka av andre til å endra levevis og arbeidsmetodar.

"Det er, som om jeg stod ved mit Fædrenelands Grav"

Låg-Jæren er noko særeige i norsk natur. Ingen skjergard

utafor vernar det småkuperte landskapet mot stormar frå havsida. Men Jæren er vakker. Det er ikkje for ingenting at mange biletkunstnarar har søkt hit for å finna inspirasjon og motiv for kunstnarisk utfaldning. Men synet på Jærlandskapet og busetnaden der har nok ymsa gjennom tidene og etter augene som ser. Høyr berre kva Pierre Paumea Flor, løytnant og jurist frå Christiania-kanten, skriv etter at han i 1810 hadde gjort ei "Oeconomisk Reise til Lister og Jedderen": "Hvor dunkelt og skummelt er ikke dette Land, der utbreder sit sortbrune, med Kampestene opfyldte Dække i en Afstand, der taber sig for Synet; overalt bedækket med hine sorte Stabler af moradsig Jordbund, som en karrig Natur tvang Beboerne at kaste op af Jordens Skjød for at erstatte Mangelen paa Brænde, og ved Hjælp deraf værne sig imod et raat og stormfuldt Værligs Ublidheder; kun afbrudt ved enkelte gule Pletter (Det var om Efteraaret jeg reiste, og paa en Tid, da alle Agre vare modne) i Nærheden og omkring nogle lave, jordbedække Boliger, der see ud, som om de kunde være fremveltede af Graven, og hvis mørke Physiognomie passer til dette dunkle Malerie; begrændset imod Norden og Østen af graae Klippe-masser, der have deres graae Tinder i en truende Stilling imod hverandre henad Skyerne, ligesom for at skräkke Vandringssmanden fra didhen at styre sine Fjed; imedens Vesterhavet lader den ene Bølge efter den anden (lig Livets sidste udaandende Stønnen) hendøe paa Strandbredden. Det er, som om jeg stod ved mit Fædrenelands Grav".

Byggjeskikkar prega av økonomiske tilhøve og teknisk utviklingsnivå

Klima og landskap har forma og prega jærbuen og hans

levemåte til alle tider. Men moderne kommu-nikasjon har viska bort mange grenser og gjort sær-prega mindre tydelege. Uthusa vil alltid bera preg av dei økonomiske tilhøva og det tekniske utviklings-nivået på den tida dei vart bygde. Frå 1800 og utover var det tronge kår og pengemangel hjå bøndene, som best mogleg måtte unngå utlegg i reie pengar. Jæren var skoglaus, og det var dyrt å kjøpa trevyrke. Vegar fanst det lite av, og dette gjorde frakting av tømmer frå båthamn vanskeleg. Ein laut difor klara seg med stein som viktigaste byggjemateriale.

"Ola i Muren"


Styremaktene meinte òg det var urasjonelt å frakta tømmer til Jæren så lenge der var stein – som løytnant Flor uttrykkjer det – "i den Mængde, at man gjerne kunde paatage sig at opføre babyloniske Taarne deraf." Dei gjekk difor inn for at folk skulle byggja, så vel uthus som innehus, av gråstein. Flor fortel om ein gard i Helleland, der alle bygningane brann ned for ein mindre velhalden bonde. Prosten ville overtala bonden til å byggja opp att innehus av stein, og tilbaud hjelpt dersom han ville det. "Men Bonden vilde ei paa den Grund, at en Huusmand i Sognet, som havde opbygget sig en Bolig af Steen, havde derved paadraget sig det Navn "Ola i Muren"; kort, for at undgaae et lignende, kunde Intet bevæge ham til at opføre Vaaningshuus af Steen".

Vidare skriv Flor: "Men gaaer det ikke som oftest saaledes, ei blot i Bondestanden, men ogsaa i de mere dannede Klasser, at Uvidenhed og Dumhed troe sig berettiget til at spotte og persiflere de Foranstaltninger og Foretagender, hvis Nyte og Gavnlighed ligge udenfor deres Synskreds, og at selv den tænkende Mand


sjeldent har Mod nok til at hæve sig over almindelige Fordomme?" Flor føreslo at slike som husmannen, som hadde bygt stovehus i stein, skulle "erholdt en Medaille, til at bæres i et Baand paa Brystet, med Paaskrift: "For gavnlig Daad", og det blev bekjendtgjort, at han netop erholdt den for at have bygget sig en Bolig af Steen."

Fjøset i første helvta av 1800-talet

Først i 1800-talet var fjøset (fjoset) på Låg-Jæren oftast ein bygning for seg sjølv eit stykke frå løa. Noko rom for gjødsela (hevdo) var ikkje vanleg. Den vart kasta ut på mittinga utafor gjennom ein glugg i veggjen. Fjøset var trønt og mørkt. I eine enden var inngangsdøra og i andre enden mokegluggen (moksteholet). I taket var det ofte ein liten ljore og over døra eit lite blyinnfatta vindauge. Kyrne stod bundne med hovudet mot veggjen. Straforet fekk dei laust inne i båsane; anna for og vatn i små trekjerald. I båsane var det jordgolv, og bak låg ein treplanke på tvers for å hindra at jorda vart trødd ned i gjødselrenna, som ofta hadde steinheller i botnen. Der det var to båsrekker – og det var dei fleste stadene – var breidda på fjøset innvendig 5,0 – 5,5 meter (8 – 9 alner). Mellom gjødselrennene, bak dei to båsrekjene, låg gjerne nokre treplankar til gang.




Frå Fosse i Time 1964. Dåverande eigar, Thomas Fosse, meinte at løa (bygningen til høgre) var bygd tidleg på 1800-talet og at fjøset (til venstre) var bygt nokre år seinare enn løa. Opphaveleg var det torvtak på begge bygningane.



Oppmålingsskisse frå Fosse. Thomas Fosse meinte at det frå først av var fjøs der det i 1964 var smalhus, og at fjøset vart bygt nokre år seinare. Det kan kanskje tykkast noko rart at fjøs og løe så tidleg var bygde saman, men dette kan ha røter frå folkevandringstida, då gjerne alle husa på garden var samla i ei rekkje under same tak. Kan henda kan ein undra seg meir over at løe og fjøs skilde lag og hamna eit stykke frå kvarandre. Det må vel seiast å vera eit tilbakesteig.



Til venstre:
Interiør frå fjøset på Fosse. Under vindauget, som opphaveleg nok ikkje har vore der, ser ein mokstehole. Under gangen mellom gjødsel-rennene er det ein landkum.



Til høgre:
Thomas Fosse hadde ikkje lagt inn årane jamvel om han hadde nådd ein alder på 85 år.




Til venstre:
Kyrne stod bundne med hovudet mot veggen. Straforet fekk dei laust inne i båsane; anna for og vatn i små trekjerald. Opphaveleg hadde nok båsane jordgolv.



Til høgre:
Einaste vindauget er det vesle over døra. Luka i golvet er over landkummen. Frå fjøset på Grødalaland.


"Det gammeldagse fjøs er lavt og stygt "

Markus Fredrik Irgens, som frå 1866 var lærar ved Aas høiere Landbrugsskole, og på den tida var ein av dei største landbruksautoritetane i Noreg, var sommaren 1868 ei stund på Jæren for å granska jordbruket og vilkåra der. I 1872 gav han ut ei lita bok: "Jæderen. Forsøg til en Landbrugsbeskrivelse". Her skriv han m.a. om dei eldre fjøsa på Jæren: "Det gammeldagse Fjøs – der ofte ligger i et Hjørne af Ladebygningen – er lavt, stygt og uden Vinduer;




Perspektivskisse av "Ældre jædersk Gaard", laga av Joachim Grude.

idethøieste findes kun et Par smaa Ruder over selve Indgangsdøren – som Tegningen viser. Dyrene staamed Hovederne ligetil Væggen, saa at Røgteren maa bringe Foderet ind i Baasen til hvert enkelt Dyr. Dyrenes Leie var – ialfald hvor jeg stjal mig til at kige ind – ubeskrivelig fælt – en ren Sump. Kortsagt de ældre jæderske Fjøs ere saadanne, som vi dessværre have altfor megen Leilighed til at se dem paa mange Kanter af Landet."



Fjøs frå kring 1830 på Grødal land i Hå.
Veggene er her av tre.

Dette er fjøstypen M.F. Irgens skildra då han etter reisa til Jæren i 1868 skreiv om dei eldre fjøsa på Jæren: "Det gammeldagse Fjøs – der ofte ligger i et Hjørne af Ladebygningen – er lavt, stygt og uden Vinduer; idethøieste findes kun et Par smaa Ruder over selve Indgangsdøren .



"Ældre jædersk Gaard" Etter skisse i
Markus Fredrik Irgens si bok frå 1872.

Alt så tidleg som 1820–30 var ein slags landkum komen i bruk. Det var ei lita grop under midtgangen, mura av steinar med leire mellom. Ein gong i mellom ausa dei opp landet og skvettet det ut over mittinga utafor fjøset. Dette var ein lekk i stellet av gjødsla (hevdo), som på den tida var reine vitskapen.

Til skilje (bolkar) mellom båsane vart stundom nytta store steinheller, men treskilje vart mest brukt.

Veggene i fjøset vart frå 1800 og utover ofta bygde av Stein med torv mellom. Torva skulle binda veggen og hindra gjennomtrekk. P.P. Flor skriv i 1810 om uthusa: "I Jedderens, og for en stor Deel i Dalernes Provstier, ere de af Stene, ikke murede, men fyldte imellem Stenene med Tørv; derfor maa Muren være temmelig tyk, og Taget paa alle Kanter stige et godt Stykke udenfor Muren, hvis ikke Dryp skal bortslylle Jord-




Bygningane hjå Jens Bull, Bore. Fotografert i 1964. Utbygget bak løa, som var for hestevandringa, var av nyare dato enn resten av bygningane.


en og gjøre Muren aaben, samt bringe Stenene aflave".

Som nemnt, var det smått om treyrke, og dyrt var det, så folk måtte hjelpe seg med stein som bygningsmateriale. Men det hende nok at fjøsa vart tømra opp av kløyvt tømmer med flatsida inn og rundinga ut. Eit stykke ut i det 19. hundreåret var dette kanskje ei relativt kort tid vanlegaste byggjemåten.

Taket var sperretak, til vanleg tekt med never og torv. Dersom det var vanskeleg å skaffa never, vart det òg brukt rughalm til taktekking. Den var då treskt på ein spesiell måte, ikkje med tust, men ved å slå aksa mot ein Stein, for at ikkje stråa skulle knekkjast. Teglpanner var ennå vanskelege å skaffa, og var ikkje radt billege. Men dersom arbeidet vart skikkeleg gjort, kunne eit torvtak halda i lang tid, – gjerne opp til 50 år.



Bore i Klepp. Eigar Jens Bull Bore. Skissa er etter oppmåling, bortsett frå sjølve fjøset, som utan tvil var fornøya og endra litt frå det opphavelege. Bygningane er truleg frå kring 1830, bortsett frå tilbygget for hestevandring, som er nyare.



Stallen var, merkeleg nok, ikkje bygd saman med fjøset, men som eit tilbygg til løa. Biletet er frå Bore

Stallen

Var det berre ein øyk på garden, hadde han ofta ein bås i fjøset. Men var det fleire, var det vanleg med eigen stall (stadl). Den var, merkeleg nok, ikkje bygd saman med fjøset, men var eit tilbygg på løa. Grunnen til dette var nok at hestane skulle ha betre og oftare stell enn dei andre dyra, og laut såleis stå nær forlageret for å sikra at det ikkje vart slurva med foringa. Men stallen var primitiv – som fjøset. Øykene stod òg på bås, bundne til veggen, og det var ingen gang framføre. Innreiinga var noko liknan-de som i fjøset, men her var ofta fast tro eit stykke frå golvet. Gjødsla vart kasta på same mittinga som kugjødsla, eller det var særskilt stallmitting.

Smalhuset – hevdafjoset

Først på 1800-talet var truleg sauhuset (smalhuset) eit frittståande hus med tjukke vegger av stein, og tak som

over fjøset. Noko fast innreiing fanst ikkje, berre nokre lause eter der sauene fekk foret. Dyra gjekk på talle, som vart køyrd ut ein gong i året.

Men frå kring 1820 vart det vanleg å ha smalen i same romet som kugjødsla vart lagra i. Sauene gjekk oppå kugjødsla. Men ein må hugga at foringa var ei onnor enn det som er vanleg i dag, og gjødsla var mykje fastare. Hevdafjoset, som av eldre folk den dag i dag gjerne vert brukt som namn på storfe-gjødsellageret, vart mykje rimeleg til på den måten at smallhuset vart flytta inntil fjøset og bygt saman med dette. Det er lite truleg at hevdafjoset si viktigaste oppgåve frå byrjande av var å ta vare på storfe-gjødsla. Først og fremst skulle det nok gje husrom for smalen om vinteren, og tørr, varmgjæra gjødsel var eit godt underlag.

Sommarfjøs

Løytnant Flor skriv etter reisa til Jæren i 1810 at ein –

utanom vinterfjøset – hjå dei nokolunde velst  ande oftast finn eit sommarfj  s, som er bygt av stein, fire veger med tak over. "I disse Sommerfj  se inndrives K  rne om Aftenen, naar de komme hjem; der malkes de, og bliver Lyng, som til den Ende afslaaes af Lyngmoerne, bragt derind, og str  et over det hele Gulv, saataat Koens Gj  dsel og Lyng den hele Sommer blandes sammen".

Men det er lite tenkjeleg at desse sommarfj  sa stod tome om vinteren. Mykje rimeleg vart dei d   bruk-




Fj  s med hevdafjos p   Tjensvoll i Time, truleg bygt i 1820-  ra. Her gjekk smalen i hevdafjøset.

L  a, 1800 – 1850

L  a stod oftast med lengderetning nord-s  r, p   flat mark eit stykke fr   fj  set. Ho var 3-delt inni. I midten var den omlag 3 meter breie l  aven med tett tregolv, der dei treskta kornet. Under treskinga vart kornbanda lagde jamsides i to rekker med aksa mot kvarandre, og kornet vart treskt ut med tust. L  aven gjekk tvers gjennom l  a og hadde oftast innkj  ring i eine enden og

te til smalhus, og kan henda er det eigentleg smalhusa han skriv om, men at denne om sommaren vart nytta til kyrne. Ved    ha smalen inn her om hausten, utan f  rst    moka etter kyrne, fann s   folk ut at det gjekk godt    ha han g    ande opp   kugj  dsla, og at ein p   denne m    ten fekk ta godt vare p   gj  dsla. Det var d   n  rliggjande    tenkja at ved    byggja kufj  s og smalhus inntil ein-annan, ville ein f   hus for b  de smalen og kugj  dsla om vinteren. Kan henda var det p   denne m    ten ein fekk hevdafjøset.



Oppm  lingsskisse fr   Tjensvoll.

utkj  ring i andre. Ein hadde og bruk for gjennomtrekk n  r kornet skulle reinskast, og dette fekk ein ved    opna d  rene meir eller mindre i begge endane av l  aven. F  rst i 1800-talet var det vanleg at l  aven var open heilt oppunder taket. Seinare vart det oftast bygt ein lem, l  avalemmen, 2 – 2,5 meter over golvet i l  aven. Somme stader var det oppkj  ring til denne p   baksida av l  a. Langs begge sidene av l  aven var det ein 0,6–1,0 meter

h  g vegg, kalla bridje, av horisontale bord (bridgebord) som skilde han fr   l  eroma p   sidene.

I l  eroma var det berre jordgolv. Her vart lo og h  y lagt inn i kvar sin stade. Gangen utafor stavrekjene vart kalla sv  l. Her vart det g  rte lagra lyng, og om vinteren la dei vondlane (dottar med h  y inni og halm utap  ) her etter kvart som dei laga dei til, eller vondla, som dei kalla dette arbeidet.

Stundom var det i eine enden av l  a eit kjerrehus, men for det meste vart kjerrene stuva inn p   l  aven n  r denne var tom. Annan hestereiskap fanst det lite av, og handreiskapane tr  ng ikkje store plassen.

I byrjinga av det 19. hundrearet var det nok vanleg med veger av stein i l  a og, slik som i fj  set, men etter kvart vart det brukt meir tre. Kring 1820 var det s  o seia slutt med dei tjukke steinveggene i l  a. Berre s  rveggen vart enn   ei god stund framover bygd i stein, d   sol og regn tok hardast p   trevirket her. Sideveggene var g  rte 2 – 3 meter h  ge, og det vart for arbeidskrevjande    byggja desse av stein. Dessutan gjorde det ingen ting om dei var litt utette, og st  rsteparten av vekta fr   taket vart bore opp   av stavane. Difor kunne veggene gjerast enkle og billige. Ein vanleg vegg vart bygd av granne stolpar, 2 – 4 meter fr   kvarandre, med ei svill p   toppen, som nedre enden av sperrene kvilte p  . Den st    ande bordkledningen var festa med trenaglar til to horisontale stokkar, som igjen var festa til veggstolpane.





Taket, som var saltak med never- og torvtekking, vart som nemnt bore opp   av stavane. Desse stod i rekkr 1 – 1,5 meter fr   sideveggene, og var parvis bundne saman i tverrleia av betane, p   J  ren kalla slindrene, som vart felte ned i ei klauv i toppen av kvar

stav. Under kvar stav l  g ein Stein som fundament. I lengderetninga l  g stavl  gjene (bj  dnane), ei over kvar stavrekke, og p   desse kvilte taksperrene. Det heile var stiva av med skr  band mellom stav og bete (slindreband) og mellom stav og stavl  gje (bj  dnaband). M  net gjekk oftast ikkje heilt til endes p   l  a. Fr   siste beten, som l  g eit par meter fr   enden, gjekk stokkar ned p   endeveggen, og opp   her l  g tak. Desse skr  taka i endane av l  ene, som likna skutane p   stovehusa, vart p   j  rsk kalla sneibe.

Smihus og kvern p   kvar gard for 180   r sidan

Folk skulle vera mest mogleg sj  lvhjelpte i denne tida, og p   dei fleste litt st  rre gardane hadde dei sitt eige smihus. Dette var eit enkelt rom med 4 veger av stein, og tak av tre, tek med never og torv.


Helst skulle dei ogs   kunna mala sitt eige korn, og kvar gard som hadde tilgang til vasskraft, hadde som regel si eiga kvern. Om dette skriv l  ytnt Flor, som i 1810 kom fr   Christiania for    granska dei økonomiske tilh  va p   J  ren: "M  llehuse ere ogs   opt  mrede af kl  vede Tr  stammer eller tykke Planker, sjeldent st  rre end til 2 Par Qvarne, ofte kun til eet; for Resten saameget Rum, at et menneske kan sidde derinde og sammale Kornet, thi Sigter haves i Almindelighed ikke. Om der til en Gaard, p   Jedderen is  r, er en B  k, var den end temmelig ubetydelig, finder man dog ofte ligesaamange Qvarnehuse, som Gaarden har Opsidere, og, hvis der ei har v  ret n  dvendigt Fald til alle, er der muret op Fald, det er at sige, af Steen og T  rv opf  rt en lang og bred Rende, der stundom er mer end hundre Alen lang, hvori det opd  mmede Vand tvinges til at rinde hen til den Tr  rende, som leder Vandet



Til venstre:
Oppmålingsskisse av uthusa i søre tunet på Grødaland i Hå. Desse er frå kring 1830.

Under til venstre:
Søre tunet på Grødaland. Frå først av hadde nok alle bygningane torvtak.

Under :
Grødaland. Interiør frå eit hyrne i løa.



til Qværnekallerne d.v.s. de Stokke med Hjul, som drive Qværnestenene."

Før 1850 var det sjeldan noko særskilt rom for mjølkestellet på gardane. Mjølka vart lagra i kjøken, spiskammer eller stove. I kjøkenet varma dei òg vatn til buskapen over grua.

Brenntorvet hadde dei for det meste i skutane på dei gamle jærhusa.

Brytingstid – oppgangstider

Frå kring 1850 byrja utviklinga skyta fart, men nokon velstand var det framleis ikkje blant jærbøndene.

Jordbrukskulen på Austråt i Høyland var komen i gang frå 1846, med den dynamiske Jan Adolph Budde som styrar, og det skulle syna seg at skulen skulle få heldig innverknad på jordbruket i jærbøndene.

I januar 1861 fekk Stavanger Amt sin første amtsagronom, John Torkildsen. I august same året arrangerte Stavanger Amts Landshusholdnings-selskap for første gong storfesjå på Skeiane i Høyland. Neste fesjå på Jæren vart halde i 1864 på Nesheim i Hå. Her møtte proprietær Køhler fram med ein del svin og ei stor samling danskfabrikerte reiskapar.

Nydyrkninga auka på. Kring 1865 vart det årleg brote opp omlag 4000 mål ny jord. Det hadde vorte fart i utskiftinga etter at den nye jordskiftelova kom i 1857. Ved utgangen av 1860-åra var det så å seia slutt med sameige av jorda, og det vart mindre og mindre teigblanding å finna.

I tida 1850 – 1865 auka talet på teglverk på Jæren frå 2 – med ein samla årsproduksjon på 24.000 murstein og 160.000 takstein (panner) – til 7, som årleg produserte 2 millionar murstein og 1,6 millionar

takstein. På 15 år var altså mursteinproduksjonen på Jæren 83-dobra og taksteinproduksjonen 10-dobra.

I 1867 skriv amtmann Morgenstierne i 5-årsmeldinga for 1861–65: "Alene i Jæderens og Dalernes Fogderi ere nu 184 Tærskemaskiner i Brug, af hvilke 150 a 160 ere anskaffede i sidste Femår." 5 år seinare heiter det: "Tærsk- og Rensemaskiner (etter amerikansk Model) findes nu snart i enhver Gaard."

Plogen vart for alvor teken i bruk. I 1870-åra byrja Ole Gabriel Kvernland å smi ljåar i den vesle smia si på Kverneland. Kort tid etter laga han den første plogen sin, og dette vart grunnlaget for ein jordbruksmaskinfabrikk av verdsformat.

Jærbana, som vart opna i 1878, var eit resultat av ekspansjonen.

I 1880 målte dei to meieria, som då var på Jæren, til saman inn 1,25 millionar liter mjølk. I år 1900 var den innmålte mjølkemengda ved dei to same meieria 2,5 millionar liter, medan alle 10 meieria, som då var på Jæren, til saman målte inn nær på 11 millionar liter mjølk.

Alt dette skulle vera eit godt vitnemål om den rivande utviklinga det jærske jordbruket var oppe i fram mot 1900. Jæren hadde mist fattigmannsstemplet – for alltid.

Uthusa på Låg-Jæren i 1850-åra


Frå 1850 og utover vart det vanleg å byggja fjøs og løe under same taket. (Når dei tidlegare vart bygde kvar for seg, var truleg ein av grunnane at ein då hadde større sjanse til å avgrensa skadane dersom det vart brann.) Arbeidskrafta vart nå høgare verdsett, og det var meir om å gjera å spa på denne. Noko nemnande endring

av sjølve løa var det ikkje i denne tida, men ved å byggja fjøs og løe saman ville foringa verta lettintare. Største endringane fann ein i fjøset, som vart romslegare og lysare. Folk hadde oppdaga at ein ved å snu kyrne med hovuda mot kvarandre, og ha forgang mellom radene, kunne spara mykje arbeid med foring og stell. Samanhengande teglkrubber vart tekne i bruk, og reinhaldet av desse – som dei var svært nøgne med – vart reine leiken samanlikna med reinskkinga av eitt trekjerald i kvar bås, som før vart nyttta.

Hevdafjoset var nå vanleg over alt, og det vart framleis nyttta til smalhus, – kanskje i endå sterkare grad enn før.

Løa låg stundom i rett vinkel med fjøset, men vanlegast var det at fjøs og løe låg i ei lånn, som dei sa, d.v.s. i same leia, etter kvarandre. Over fjøset var det ein lem (fjoslemmen) der dei lagra høy.

Til veggjar i fjøset vart nå for det meste nyttla liggjande plank. Dei tjukke steinveggene, med jord som tette- og bindemateriale, var det slutt med.



"Nyere jædersk Gaard". Etter skisse i Markus Fredrik Irgens si bok frå 1872.

Som nemnt, vokst det i 50–60-åra fram mange teglverk på Jæren, og teglpanner vart vanleg til taktekksmateriale. I plan med underkant av sperrene, parallelt med desse, låg ei bordkledning (tro) slik at det vart eit mellomrom der det kunne stappast fullt med lyng for å hindra drev av regn eller snø gjennom taket.


Den før nemnde Markus Fredrik Irgens, lærar ved Aas høiere Landbrugsskole, skreiv etter opphaldet på Jæren i 1868: "Den største Ändring er foretaget med Udhusbygningene og navnlig med Fjøset De nyeste Fjøs ere idetheletaget uklanderlige og saaledes indrettede, at man kan gjennemføre et ordentligt Fjøsstel. De ere nogenlunde lyse – en viktig Betingelse for et ordentligt Fjøs- og Melkestel –; Lysmængden kunde imidlertid ofte uden skade være større.....

Det rum, der er givet hver enkelt Dyr – altsaa Baasens Længde, Bredde o.s.v., maa siges at være tilstrekkeligt for Dyr af Jæderkoens Størrelse. En noget større Højde af Fjøset, en bedre Ventilation samt en noget større Bredde af Gangen bag Dyrerne kunde være ønskelig; men idetheletaget maa man sige, at de nyere jæderske Fjøs ere gode. At slige Fjøs nu ere ret almindelige, er et godt Vinesbyrd om denne Egns Fremskridt."

1860 – 1900. Krava til uthusa veks

Etter kvart som avlingane auka, buskapane voks, avdrodden vart høgre og dei økonomiske tilhøva betra seg, vart og kravet til uthusa større.

I 1880 fekk Vestlandet sin eigen landbruks-ingeniør, A. Grimnæs, men i tida både før og etter var det amtsagronomane som hadde mest med planlegging av landbruksbygningar. Dei sette sitt preg på landbruks-




Perspektivskisse av "Nyere jædersk Gaard", laga av Joachim Grude.

busetnaden på Låg-Jæren, jamvel om dei nok ikkje teikna kvar einskild bygning. Ofte gjekk det nok slik føre seg når ein bonde skulle byggja, at han såg seg ut ein bygning han lika, og gav så beskjte til handverkaren at han skulle byggja ein lik bygning, – kanskje med nokre mindre endringar.

Frå kring 1860 var det vanleg med oppkjøring til lemmen over fjøset. På denne tida byrja dei òg å byggja lemmen over hevdafjoset noko lågare enn fjoslemmen, – frå først av berre om lag ein fot, men seinare lågare og lågare. Såleis fekk dei eit sturterom som gjorde avlessinga av høyet lettare. Samstundes som lemmen vart bygt lågare, måtte òg golvet i hevdafjoset senkast

tilsvarande. Fjøs og løe vart nå mest utan unnatak bygde i ein bygning, som vart lagd langs etter ein liten bakke, i retning nord-sør, slik at det vart lite utgraving for hevdafjoset, og inn- og utkjøringa her vart grei.

Noko stor endring av fjøset frå 50-åra finn ein ikkje, bortsett frå at ein fekk større vindauge, og sementert golv, og at ein var gått attende til å byggja veggjar av gråstein i staden for plankeveggene. Men nå var det ikkje dei gammaldagse veggene av rullestein med jord mellom, men 0,8 – 1,0 meter tjukke murar av kilt gråstein, fuga med kalkmørtel. Også bindingsverk, utmura med teglstein, var kome i bruk, men var heller sjeldan.



Oppmålingsskisse av løa på Garborg i Time, bygd i 1862.
Fjøsveggene er gråsteinvegger med relativt store vindauge ($0,8\text{ m} \times 1,0\text{ m}$). Hevdafjosgolvet ligg omlag 1,5 meter lågare enn fjøsgolvet, og lemmen over hevdafjoset er senka omlag 0,5 meter i høje til fjøslemmen.

Garborg. Løa frå baksida.

Teglpanner i staden for torvtak

I 15-årsmeldinga for 1871–75 skreiv amtmann Morgenstierne: "Som Representant for nævnte laveste Træforbrug kan det store træløse og med Havne saa lidet forsynede Jæderland betrages. Her anvendes Skovvirke hverken til Brænde eller Gjærdefang..... Stald og Fjøs, der hyppig dele Tag med Laden, ere jævnlig af Sten. Hustagene belægges med Teglsten, idet Næver- og Torvtag her holder paa at gaa af Brug."

Landkummen mellombels ut av bruk

Landkummen heldt ei stund i 60-åra på å gå av bruk att, og ein kan gjerne spørja kva føremålet med dei gamle landkummane eigentleg var, når folk like vel ausa opp landet og skvettet det over gjødsla i hevdafjoset. Men der landkum framleis vart bygd, vart han lagd på tvers under fjøset, ved sida av hevdafjoset, så lang som fjøset var breitt, og gjerne så stor at han rømde landet for heile året (bortsett frå det som rann bort på grunn av utett kum). Landet vart nå ikkje blanda med den faste gjødsla, men kjørt ut og brukt til gjødsling av enga (kjelvo).

Landkummen kjem att

Utover mot slutten av 1800-talet vart landkum-mane meir og meir vanlege att. Ein gong i 90-åra var ein danske på Jæren og heldt foredrag om gjødselstell, og han heldt sterkt fram kor viktig det var å ta godt vare på den flytande gjødsla. Om det var denne dansken å takka for, er ikkje godt å seia, men i alle fall vart det frå nå av og meir enn 60 år framover snautt bygt eit fjøs på Låg-Jæren utan landkum under, – stor nok til å samla opp mesteparten av landet for eitt år.

Medan sperrene tidlegare låg heilt nedpå fjøsmur-ane, vart det nå etter kvart vanleg å letta taket litt, – frå først av gjerne berre på eine sida. Samstundes vart høyromet over hevdafjoset gjort djupare og djupare, – ved slutten av hundreåret 1,0 – 1,5 meter under nivået på fjøslemmen. Løa ved sida av fjøset, der dei for det meste lagra lo og halm, vart difor gjort relativt mindre.

Grindekonstruksjonar ut hundreåret


Den gamle konstruksjonsmåten for løa, med såkalla grindar, heldt seg ut hundreåret, men der sperrene låg heilt nedpå murane, sløyfa dei gjerne grindane og stavlægjene over fjøset, og i staden sette ein tverrbjelke (hanebjelke) horisontalt over kvart sperrep. Elles brukte dei for det meste grannare konstruksjonar enn tidlegare på dei ymse stokkane.

Sauene var det vanleg å ha i hevdafjoset heilt til bort imot 1900.

Eldhus byrjar verta vanleg

Som nemnt auka krava til uthusa etter kvart, og frå 1860-åra av var det ikkje sjeldan med eige eldhus for varming av vatn til dyra. Dette romet nyttta dei òg til siling av mjølka og anna. Eldhuset var gjerne eit utbygg ved sida av fjøset frå først av, – seinare eit rom inne i bygningen, ved sida av fjøset.

Etter at alle uthusa vart samla i ei "lånn", under eitt tak, kalla gjerne folk på Låg-Jæren heile uthusbygningen under eitt for løa. Men samstundes kalla dei òg lagerroma for høy, lo og halm for seg sjølv for løa. Desse nemningane har for ein stor del vorte brukte heilt fram til i dag.



*Oppmålingsskisse av løa på Gausland i Hå.
Denne vart teikna av amtsagronom Anda i 1884
og vart bygd same året. Både fjösvegger og
hevdafjösvegger er bygde av kilt gråstein.
Innafor hevdafjoset er det landkum under fjøset.
I motsetnad til det som ennå var vanleg, var det
ikkje noko lørerom inn til fjøset på same planet.*

*Løa på Gausland. Taket er tek med teglpanner.
Under pannene, over troa, er det lyngstapping*



*I "Beretning om Rigets øeconomiske Tilstand 1861–1865"
Skreiv amtmann Morgenstierne: "Alene i Jæderens og
Dalernes Fogderi ere nu 184 Tærskemaskiner i Brug, af hvilke
150 á 160 ere anskaffede i sidste Femaar".
Til drivkraft for treskjemaskinane vart stundom nytta vasshjul,
men oftaast vindmaskin eller hestevandring. Denne
hestevandringa stod i 1964 på Sande i Sola. Mekaniseringa av
jordbruket var for alvor byrja.*

Framgangsrørsle med kjempesteg etter 1900

Den økonomiske voksteren heldt fram også etter 1900, og auka berre på. Kring 1910 byrja elektrisiteten gjera sitt inntog i bygdene på Låg-Jæren, og ikkje mange år etter hadde dei fleste gardane elektrisk kraft.

Dyrkingsaktivitet

I 1914 skreiv lensmann M. A. Grude om landbruket på Jæren: "Vi ser til stadig den ene store Lyngmark eller anden udyrket og lidet produktiv Jord efter den anden forvandles til de herligste kornagre og de frodigste Kløver- og Timotheimarker, – vi hører daglig, udenom Aannetiderne, Mineskuddene i Dyrkningsfelternes mange Stene som Kanonade af en beleiret by, og vi ser Jorden bliver bearbeidet paa en fuldstændig og rationel Maade af de mest moderne Redskaber og Maskiner paa en Flerhed af Gaardene, som desuden er blevne bebyggede med gode og tidsmæssige Bygninger, der ved sin heldige Indredning i høi Grad letter Indhøstningsarbeiderne og Stellet i Fjøs og Stald bl.m.a. ."

Store endringar i byggjeskikkane

Framgangsrørsla sette preget sitt på uthusa, som etter kvart vart gjorde både breiare, lengre og høgre. Båsane vart fleire og større, og det skulle gjerne vera litt ekstra plass i fjøset for nokre grisar. Hestetalet på kvar gard, som var eit statussymbol, auka, og stallen måtte gjerast større. Sauene, som også auka sterkt i tal, mista hevdafjoset som vinterhusvære og fekk anna rom, – gjerne i gamleløa når det vart bygt ny bygning for storfeet.

Tegl avløyser gråstein i fjøsveggene

Etter 1900 mura dei så å seia alltid opp veggene i fjøs og stall av teglstein, og pussa gjerne med sement- og kalkmørtel både på innsida og utsida. Kvitkalka veggene og store og tett plasserte vindauge gjorde at romma vart ljose og trivelege inni. Sidegangane i fjøset vart breiare, og høgda under taket så stor at ein vaksen mann kunne gå oppreist, jamvel oppå den opphøgda forgangen. Krubbene var, som før, av tegl, men nå kom det på marknaden glaserte krubber med halvsirkelforma tverrsnitt. Forgangen mellom krubbene vart ofta bygd opp i høgd med krubbekanten, som tidlegare, men somme gjekk over til å ha forgangen jamhøg med golvet elles i fjøset. Mellom bås og krubbe var det stengsle av tre, som kunne opnast og lukkast.

Kjørbar lem over heile fjøset

Lemmen over fjøset vart bygd så sterkt at ein over alt kunne kjøra med hest. Oppkjøringa var anten på eine sida eller i gavlen på løa, – alt etter som det høvde med lendet utafor.

Etter kvart som taket vart letta høgre opp og det vart vanleg å kjøra over heile lemmen, vart betane (slindrene) i dei gammaldagse grindane til stor hindring. Kring 1900 kom ein ny type opne takstolar i bruk. Sperrene var ein del av sjølve takstolane, som gjerne stod kring 3 meter frå kvarandre. Tvers over sperrene, langs etter bygningen, låg takåsar som undertaket var festa til. Undertaket var trebord, lagde som under- og overliggjarar langs etter takfallet. Tro og lyngstapping under pannene var det slutt med. Teglpannene, som over alt vart brukta til taktekking, låg på lekter oppå undertaket.

Skepsis til nye takkonstruksjonar

Men heilt slutt vart det ikkje med dei gamle grindane før nokre år ut i det 20. hundreåret. Folk var skeptiske til dei nye takstolane og nyttja gjerne grindar i ein del av bygningen. Hjå Ole H. Sør-Reime vart det såleis fortalt at vedkomande som bygde uthusa i 1906, ikkje hadde tru på at dei nye takstolane ville halda. Han bygde difor med grindar i ein del av løa, slik at noko i alle høve skulle stå att om takstolane braut saman. Grindar vart gjerne brukta den delen av bygningen som låg ved sida av fjøset, med jordgolv og innkjøring i høgd med terrenget utafor. Frå kring 1910 vart golvet i høyrommet bygt jamhøgt med fjøsgolvet eller litt lågare, og det vart såleis god plass for høyet her. Frå nå av var det slutt med grindane og løa ved sida av fjøset. Det syntet seg at dei nye takstolane heldt.

Landkummen vart, som før, bygd tvers under fjøset, stor nok til å røma den flytande delen av gjødsla for eit heilt år. Hevdafjoset vart grave så djupt at ein kunne kjøra inn dit og tappa landet gjennom ein røyr med kran i veggene og ned i landkassen eller landtunna. Veggene i hevdafjoset vart helst mura opp av kilt gråstein.


Eldhuset vert brunnhus

Eldhuset, som nå vart heitande brunnhuset på grunn av at det ofta vart vassbrunn under, fann ein alle stader ved sida av fjøset, med dør direkte inn dit. Av fast inventar i brunnhuset kunne ein mest alltid sjå den runde mur-komfyren med brunngryta til vassvarming og kledekoking, og bakstehella til lefse- og flatbrødbaking. I brunnhuset tok folket på garden laurdagsbadet i ein trestamp, og ofte slakta dei her.

Ofte vart bygningane planlagde av amts- eller fylkesagronomane, men like vanleg var det at bøndene fann ein bygning dei lika, og så fekk bygt ein omtrent


lik, eller at dei sjølv og/eller ein bygde-handverkar tok seg av planlegginga. Det var langt frå alltid dei hadde særleg utførlege teikningar.

Oppmålingsskisse frå Sør-Reime i Hå. Bygning frå 1906. Her er det byggt med den nye takstoltypen, men det er nytta grindar i ein del av løa, slik at noko i alle høve skulle stå att dersom dei nye takstolane braut saman.



Løa på Sør-Reime, sett frå aust. Siloen er av nyare dato.






Oppmålingsskisse fra Fotland i Time, slik det var bygt i 1911. Veggene i 1. høgda er av teglstein og i hevdafjoset av kilt gråstein. Frå landkummen er det ein røyrløp med tappekran gjennom veggen ut til hevdafjoset, som har golvet omlag 1,5 meter lågare enn botnen i landkummen. Bygningen er svært typisk for tida. Omlag 25 år seinare vart øykene flytta over i eigen stall, bygd som vinkelbygg vestover.

Under til venstre:
Løa på Fotland, frå tunnsida.

Under:
Typisk interiør frå fjøs bygt i første delen av 1900-talet (opphevelig var det bjelkar og tregolv over).



Rogaland får fylkesagronom i tekniske fag

Før 1921 hadde amts- eller fylkesagronomane ansvar for kvar sitt distrikt. Frå 1921 vart denne distriktsdelinga gjort om til fagleg. Ein fylkesagronom skulle ha med husdyr- og planteavl å gjera og ein annan med tekniske fag.

Norheim-epoke

I 1922 vart landbrukskandidat Alfred Norheim tilsett som fylkesagronom i tekniske fag ved Rogaland Landbruksseksjon, og han skulle koma til å setja sitt merke på landsbusettaden på Låg-Jæren og elles i fylket i 38 år framover. Norheim hadde uvanleg stor arbeidskapasitet. I årsmeldinga for 1924 skriv han: "Som sedvanlig er der levert fullstendig tegning til de fleste byggearbeider Jeg har i år arbeidet ut detaljtegninger til innredning av fjøs og stall samt detaljer av anordning med klosett over lannkummer." I same årsmeldinga skriv fylkesagronom Norheim at det med omsyn til innreiing i fjøs herskar atskilleg fordom. Han meiner at dei grove materialane som vert brukt, skygger og gjer fjøset mørkt, og oppmodar til å bruka eit bøyg vassrør som båsskilje. Vidare rår han til å bruka krubbeskilje og ein 70 centimeter høg kant framfor krubbene. Betongen vart nå for alvor teken i bruk. Grunnmurane vart støypte av betong, men for å spara mørtel la dei så mykje stein (sparestein) som mogleg inni murane. Over hevdafjoset vart det ofte – over landkummen alltid – støypt jernarmert betongdekk. Også etasjeskiljet over fjøset hende det dei bygde av armert betong i 20- og 30-åra, men dette vart ikkje vanleg før etter andre verdskriga. I 30-åra vart det stundom, i tilllegg til hevdafjos og landkum, bygt annan kjellar under

ein del av 1. høgda, men heller ikkje dette vart vanleg før etter 1945.

Siloen kjem

Dei første siloane for ensilering av gras vart bygde kring 1920. Desse var sirkelrunde og små, – gjerne berre eit par meter i diameter og 4–5 meter høge. Dei stod helst inne i bygningen. Siloane vart frå først av støypte av betong berre eit par meter nedanfrå, og resten bygt av tre. Seinare vart heile siloane bygde av betong. I 1926 skaffa Rogaland Felleskjøp seg to runde siloforskalinger av tre, med 3 meter innvendig diameter, som bøndene kunne få leiga. Dette var byrjinga på silokulturen på Jæren.

Framleis tegl og tre, men metallplatene er komne

Taket vart etter 1920, som tidlegare, oftast tekt med teglpanner. Det hende òg at dei nyttar skifer, og stundom nyttar dei galvaniserte bølgjeblikkplater, som vart spikra direkte til takåsane, utan noko undertak.


På låveveggene vart det mest nyttar trekledning. Men somme stader vart det også der brukt bølgjeblikk. Særleg galdt det gavlar som vende mot sør eller vest, der ver og vind tok hardast.

Vanskelege tider

Nedgangstidene i 30-åra leita nok hardt på landbruksseksjonen, men like vel ikkje så mykje som ein gjerne kunne tru, og langt mindre enn på dei fleste andre næringane. Verre var krigsåra 1940–45 og den første tida etterpå. Då var det mangel på det meste som måtte kjøpast. Bygningsmaterialar var vanskeleg å oppdriva, og det ein kunne få tak i var gjerne av dårlig kvalitet. Dessutan var det


smått med pengar til å betala med hjå dei fleste bøndene. Fylgjeleg vart svært lite bygt desse åra, og det vesle

som vart bygt, var gjerne lite verdt. Det vart difor mykje å ta att etter krigen.





Uthusa hjå Betuel Frøyland på Frøyland i Time. Skissa er etter arbeidsteikning av Alfred Norheim. Bygningen er planlagd og bygd i 1923 og er såleis ein av dei første frå Norheim si tid som fylkesagronom. Merk den vesle siloen.

*Under til venstre:
Løa på Frøyland, sett frå baksida.*



*Under:
Interiør frå løa på Frøyland. Hanebjelken er her borte i takstolane.*




*Til venstre:
Løa hjå Jon Dubland, Dubland i Hå. Skissa er etter Alfred Norheim frå 1936. Nokre endringar vart gjort då dei bygde løa. Mellom anna kom oppkjöringa på motsett side av det teikninga syner. Framleis bygde dei ikkje alltid silo om dei bygde ny løe.*

*Under til venstre:
Løa på Dubland, sett frå nordvest. På taket er det teglpanner, og løeveggene er kledd med bølgjeblekkplater.*



*Under:
Interiør frå fjøset på Dubland. I årsmeldinga for 1924 frå Rogaland Landbruksselskap rådde Norheim til å brukha krubbeskilje og ein 70 centimeter høg kant framfor krubbene. Seinare gjekk han frå dette att.*



Betongalder

Etter 2. verdskrigen auka byggeaktiviteten år for år utover. Ei viss endring i byggjeskikkane vart det nok òg etter 1945. Alfred Norheim, som heldt fram som fylkesagronom i tekniske fag heilt til 1960, skreiv i 1946: "Jo mer vi nå bygger i stein og betong, desto mer vil våre etterkommere bli spart for vedlikehold eller nyinvestering av byggekapital". Dette prinsippet fulgte Norheim så lenge han var fylkesagronom. Etter krigen vart det så å seia alltid under heile bygningen bygt kjellar med solide betongmurar og betongdekk over.

Høyrom og stall forsvinn

Det djupe høyromet forsvann, og i staden vart fjøset bygd til endes i 1. høgda, og løa bygd høgre. Dei svære grassiloane, som nå vart vanleg å byggja, gjerne 8–10 meter høge og 4 eller 5 meter i diameter, gjorde at ein trond mindre plass for turrhøyet.


Frå kring 1950, etter at alt tydde på at traktoren snart ville sigra over hesten, vart det sjeldan bygt ny hestestall.

Isolert betongdekk som etasjeskilje over fjøset. Asbest-sement på løevegger og tak


Etter krigen vart det mest alltid bygt betongdekk over heile 1. høgda, – dei første åra isolert med treull-sementplater på undersida. Seinare kom betre isolasjonsmateriale på marknaden.

Veggene i husdyrroma vart oftast bygde som holmur av teglstein. I 50-åra byrja dei brukta mineralull til isolasjon i holromet. Også lettbetongblokker (Leca klinkerbetong) vart tekne i bruk til fjøsvegger.


Taka på dei fleste løene som vart bygde på Låg-Jæren mellom 1945 og 1960, vart tekte med asbest-sement (Eternit) bølgjeplater. Desse vart òg mykje brukte til veggkledning. I slutten av 50-åra kom òg bølgjeplater av aluminium i bruk til taktekking og kledning på veggger.





Interiør frå fjøset hjå Tjerand Goa, Goa i Randaberg, planlagt i 1948 av fylkesagronom Alfred Norheim. Innreiinga er langbås med front og båsskilje av stålrofyr. Etter krigen var ein stort sett gått attende til forbrett i høgd med framkanten av krubbene. Her er det like vel bygt med høg betongkant framfor krubbene.



Skisse av løa hjå Tjerand Goa, etter plan fra 1948 av Norheim. Nå er det vorte vanleg å byggja ein silo, – og noko større enn tidlegare. Elles er største skilnaden frå førkrigsløa at det er rom under heile 1. høgda, høyromet er borte, og det er armert betongdekk over heile 1. høgda.



Løa på Goa. Asbest-sement bølgje-plater er nå vanlegaste taktekings-materialet. Siloen er komen på utsida.



Skisse av løa hjå Andreas A. Revheim, Revheim i Stavanger. Denne er planlagd av Alfred Norheim i 1959, og er såleis ei av dei siste løene han planla. Traktoren er nå i ferd med å ta arbeidet frå hesten. Difor er stallen erstatta av eit par hestebåsar i fjøset. Desse kan lett gjerast om til kubåsar.

Løa på Revheim. Asbest-sement bølgjeplater er her brukt på både veggjar og tak.

Forbrettet er tilbake

Norheim skifta etter 1945 meining når det galdt forgangen og dei høge betongkantane framfor krubbene. I staden vart det bygt høg forgang, som "i gamle dagar".


Kortbåsar, d.v.s. båsar utan stengle mellom krubbe og bås, som kan opnast og lukkast, fanst det lite av på Låg-Jæren på denne tida, men det vart bygt nokre få fjøs med slike båsar i 50-åra. Den vanlege langbåsen med stengle, som var omlag 0,4 meter lengre enn kortbåsen, vart mest brukta. Innreiingar av stålrojr var nå så å seia einerådande. Mest aldri vart innreiinga laga heime. Nå var ho fabrikkprodusert.

Etter at det vart vanleg å byggja kjellar under heile 1. høgda vart bygningane oftast lagde på tvers av ein bakke, slik at inn- og utkjøring vart grei i alle kjellarromma.

Eit kort attersyn

Ser vi så attende til tida kring 1800, mens spada og ljåen var viktigste jordbruksreiskapane, og samanheld tilhøva då med tilhøva i 1960, ser vi at kontrasten er svært stor. Livet på gardane den gong var heilt annleis enn i dag, med mykje folk. Barneflokkane var ofte store, og mange gardar hadde tenrar. Og husa –?


Plassen var ikkje stor korkje for folk eller fe, samanlikna med nå til dags. Les vi P.P. Flor si skildring av Jæren i 1810, der han skriv om "nogle lave, jordbedækkede Boliger, der see ud, som om de kunde være fremveltede af Graven", og samanheld dette med busetnaden i 1960, vil vi skjøna at spranget på dei 160 åra er enormt. Og dette gjeld i minst like sterkt grad uthusa som bustadhusa.



Interiør frå fjøset på Revheim. Innreiinga er fabrikkprodusert langbås. Her er det høge forbrettet kome att.


Ein ny epoke

I 1960 hadde vi byrja på ein ny epoke. Hesten var i ferd med å verta utkonkurrert av traktoren, og mannekrafta var for ein stor del gjort overflødig av elektromotorar, mjølkemaskinar, heisar, hydraulikk, svansar og mykje anna. Telefon var det på kvar gard. Mange bønder hadde



Skisse av driftsbygningen hjå Tjerand Harestad, Randaberg etter plan frå 1962 av fylkesagronom Musland.
Då Alfred Norheim gjekk av i 1960, vart sivilagronom Lars Musland tilsett som ny fylkesagronom i tekniske fag ved Rogaland landbrukselskap. Norheim-epoken var slutt.

Driftsbygningen på Harestad, sett frå sør-vest.



både traktor og ein liten lastebil. Ja, nokre hadde til og med personbil. Prosentdelen av folket som var knytta til jordbruket, var drastisk redusert. Den såkalla bondeparagrafen i Grunnlova, som fastslo at landdistrikta skulle velja 2/3 av stortingsrepresentantane, var gjort om inkje i 1952.

Utviklinga har halde fram. Endringane frå 1960 til 1997 er òg store. Til dømes var omgrepet lausdriftfjøs ukjent i 1960, medan dette er den vanlege fjøstypen som vert bygd i 1990-åra. Asbest-sementplater, som var vanlegaste taktekking-materiale i 1960, er nå forbode fordi det er helsefarleg.

Språket er og forandra. Nå heiter det driftsbygning - ikkje løe - om heile bygningen.

Når vi ser attende, har vi kanskje ei svak kjensle av at utviklinga til sine tider, og særleg i etterkrigstida, har vore styrd meir av draumen om mammon enn av sunn fornuft. Vi veit at utviklinga vil halda fram også i framtida. Lat oss sjå det som ei meaningsfull oppgåve å styra denne utviklinga slik at komande ættled kan sjå attende med vyrnad på det vi har bygt.

Noter:

Artikkelen byggjer på Bjarne Tron Egeland: Uthus på Låg-Jæren etter 1800. Omskifte og utforming. Hovedoppgave ved Noregs Landbrukshøgskule 1964.